Foreldreinfo oktober 2026

FAU/SU

Referatet frå FAU -møtet 26.oktober kjem neste veke på heimesida.

Neste SU blir 17.november.

Leirskule

7.trinn kom heim etter ei flott veke på Fevik leirskule.

Kjekt og lærerikt var tilbakemeldingane frå elevane.



Trygg trafikk i mørketida

Mange elevar er kjempeflinke til å bruka refleksvest og refleks på sekken. Det er supert!

For at vegen til skulen skal vera så trygg som mogleg, håpar vi de heime kan hjelpa oss med å minna elevane på to viktige ting:

- **Krysset ved Prixen:** Elevane skal gå direkte over på brua. Dei må ikkje gå vegen om bedehuset.
- **Sykkellykt:** Til dykk som syklar – hugs at det er påbode med lys på sykkelen når det er mørkt

NULLMOBBING.NO
DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø.

Ved å trykka på bildet finn de meir informasjon om aktivitetsplikta og regelverket i kap.12.

Avslutta oktober med ei flott fellessamling for 5. trinn. Dei stilte i fotballdrakt og viste med song og skodespel kor viktig det er at heila laget stiller opp for alle spelarane!
Mona har invitert alle elevane til å vera med på haustbingo, der elevane må lesa for å fylla bingobrettet sitt. Bingoen varer til 26. november. Håpar at det kan motivera elevane til å lesa både heime og på skulen.
Dei fleste er ferdige med heim-skule-samtalen for hausten. Har fått tilbakemelding om mange fine samtalar om dei flotte elevane våre.
Ønsker alle ei fin helg!



Vennleg helsing
Karen M. Ollestad
rektor